



Tekstar songdansar- JUBELDANS

Margit Hjukse

Tekst: Norsk Folkedikning av Landstad
Melodi: L.M. Lindemann etter Halvor Andersen i Sauherad i 1851
Dansemåte II: Klara Semb 1935

Krist gjeve

Tekst: Norsk Folkedikning. Tone: Etter Tone Olsdatter
Vistabakken,
Mo i Telemark, nedskreven av Lindemann i 1861.
Dansemåte: "Danse danse lett på foten" av Egil Bakka.

- 1) Krist gjeve eg var der soli renn,
og sidan eg var der ho kviler,
så stille eg leite min kjæraste opp,
om det var tolv tusunde milir.
- Om sumaren, om sumaren, når alle
småfuglane syngje.
- 2) Ho var no ljøs den jonsoknatt,
ein riddar så sakteleg mun ride;
han pikka på dynni, ho slepte han inn,
ho la'e han ned ved si side.
- 3) Så låg dei til saman den notti så lang
dei ha'e så mykje å tala -
til gaukjen han gol i grønaste lund,
små fuglane kvidra i dalar.
- 4) Statt opp, statt opp, fagre ungersvenn!
No hev du sovi så lengje; -
guakjen han gjel'e i grønaste lund,
og soli ho skin ivi engje
- 7) Så reid han seg ivi dei nordiske fjøll,
og ivi dei villande heiar,
der møtte han hennar brøane sjau,
og alle var gramme og vreide.
- 12) Dei stridde i daga, dei stridde i tvo,
den tre'e dagjen til kvelde; -
alle hennar brøar måtte vike ifrå
og jomfrua vann han med velde.

Til lags åt alle

Teksten er av Ivar Aasen. Tonen er ein stevtone.
Visa står i Klara Semb "Norske Folkedansar" (gamle utgåver).

1. Til lags åt alle kan ingen gjera;
det er no gamalt og vil så vera.
Eg tykkjer støtt at det høver best,
å hjelpa den som det trenger mest, :/
2. Og kor du bryggjar og kor du bakar,
d'er alltid ein som det ikkje smakar.
Og når den eine så gjerer rop,
så ropar sidan den heile hop, :/
3. D'er mange nok som vil domar vera,
og le åt alt som dei andre gjera.
Og lyte finna dei rundt ikring.
Og sjølve gjera dei ingen ting. :/
4. Og ymse folk er no altfor redde,
at dei er hadde til spott og hædde.
Dei skulle taka det heller lett.
Det kunne henda dei hadde rett. :/
5. Her spørst no minst om kva mange lika.
Mot rett og sanning må allting vika.
Det gjelder lite om tungt og lett.
Det gjelder beinast om rangt og rett. :/

- 1) Hjukse den stoltast gard i Sauherad var,
- *Tidi fell meg long'e,*
stolt Margjit var dott'ri oppå den gard,
- *Det er eg som ber sorgji så tronge.*
- 2) Stolt Margjit ho reidde seg til kyrkja å gå,
så tok ho den vegjen til bergjet låg.
- 3) Og som ho no kom fram med bergevegg,
kom bergekongjen med det lange, kvite skjegg
- 4) Bergekongjen tukka fram gylte stol:
«Set deg der, stolt Margjit, og kvil din fot!»
- 8) Så var ho i bergjet åri dei ni,
og ho fødde sønir og døttar tri.
- 9) Margjit ho sat med sin handtein og spann,
då hørde ho Bøherads kyrkjeklokkur klang.
- 11) Stolt Margjit ho tala til bergjekongjen så
"Må eg få lov til min fa'er å gå?"
- 12) "Ja, du må få lov til din fa'er å sjå,
men du må kje vere borte hot ein time hell två"
- 14) Og som ho kom der gangande i gard,
hennar sæle fa'er ute fyr henne står.
- 15) "Eg meiner det er Margjit, eg hadde så kjær!
Å kjære mi dotter, å er du no der!"
- 18) Han leidde inn stolt Margjit med glede og gråt,
så sette han henne i sin mo'ers stol.
- 19) Men då kom bergekongjen snøgt som ein eld:
"Kjem du kje heim att til bonni i kveld?"
- 20) "Fare no vel då alle i min heim,
no kjem eg alli til dikkon meir"
- 22) Ho pikka på bergjet med fingrane små:
«Statt opp mi eldste dotter, skrei loka ifrå!»



Tekstar songdansar- JUBELDANS

Inga Litimor

Folkeviser, Norske Folkeviser II (1904)
Dansemåte: Stordans

Tale ved Kleng spelemanns grav

Tekst: Jakob Sande. Tone: Edvin Helgheim.
Dansemåte: Signe Marie Hernes, Torunn Hernes og
Edvard Lauen i BUL Oslo i 1988.

- 1) Det vart sagt av predikantane som preika på di grav, at di sjel var til Svartemannen seld, at frå helvete kom ho, og dit drog ho av, då du sturta på fylla ein kveld.
- 2) Det vart vidare sagt at du var tru i ditt kall, og for herren din ein nytteleg dreng. Mange urøynde sjeler kom i freisting og fall, når du spela burti bygdene, Kleng.
- 3) Kvar du kom med dine tølør vart det turing og dans, folk vart ville so dei rasa og dro kniv, mang ei jente har du spela reint frå samling og sans, so ho skjemde seg for resten av sitt liv.
- 4) Og dei syndene som gamlepresten basta og batt, etter Herren heile livet å ha tent, slapp du laus at over bygda på ei einaste natt, når du fingra på ditt satans instrument
- 5) Difor fekk du over gravi dei fordømande ord, som vart sagt av ein velvyrd predikant, at det var synd du skulde kvile her i kyrkjevidg jord, og dei fleste sa at preikaren sa sant.
- 6) Men dei dømde deg som dårer dei som lyste deg i bann, for du åtte det som ingen av dei såg, det var gneisten frå Gud som djupt i sjela di brann, sjølv um slagget over logane låg.
- 7) Du skal siga gjennom brådjuv av trengsel og natt, du skal slipast i mot gloande stein, men frå pinslene i myrkret skal du lyfta deg att, i mot høgden, frigjord og rein.
- 8) Og eingong skal du standa for Guds heilage stol, der på ny du skal få stille din streng, og i æveleg glans ifrå den nyskapte sol, skal du spela for Meistaren, Kleng.
- 1) Inga Litimor på handkvedn i kungsgarden mol, og kveda dei små visone tå ljøs og liv og sol. - Aldri nokon kunde kvea som ho Litimor dan unga og dan vena.
- 2) Og adle kungjens sveina vart kadla fy' sin drott, "Kven var da no som leika so ven ein harpeslått?"
- 3) Til svara kungjens drengje: "Me harpa ha forgjett; da er ho Inga Litimor som syng so vent og lett."
- 4) Då gjekk da bod at Inga må trø fy' kungjens stol og kveda alt som lyse tå liv og ljøs og sol.
- 5) Ho kom seg til kungshalli i sko frå finnegam. Med hjartebank i bringo da bar fy' kungjen fram.
- 6) "Fy' kungjen, vetla Inga i dag du kveda skal. Til løn vil han deg klæda som jomfru i si hall."
- 7) «Takk, stor er kungjens gåva og ærefull å få, men sut og sagnad ingjen seg mune kle i frå.
- 8) "Fribore namn og æra deg kungjen gjeva vil. No, Inga, kann du syngja som best da høve til."
- 9) "Takk, stor er kungjens æra, song fuglen på sin kvist; men betre vere elska, veit mannebadne visst."
- 10) "Men stolta Inga Litimor, din song må kungjen få, um så hans kungakruna skal med kjøpet gå."
- 11) "Gullstasen din du spare, du unge dyre drott! Stolt Inga berre syng i sitt eigje kungaslott."
- 12) "So høyr eit ord, mitt sista: Eg byd deg bruralin. Da er dan unge kungjen som sjøl må verta din."
- 13) "Når unge kungjen vel meg tå kjærleik til sitt viv, syng Litimor solsongjen so lengje dar er liv."
- 14) "Men då må kungjen veta han inkje skjemmast tarv; fy' eg er konungsdotter, og han sit i min arv."
- 15) Og det va Inga Litimor som song dei visor små. I kungshalli gaman da vart å lyda på.
- 16) Og liljone i liom og blomane i dal dan unge dronning helsa med song frå bruresal.
- 17) Og der vart vigsle veitsla, og songen auka på, og har kje nyst dei slutta, så varer da endå.